

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
071/23	Formannskapet	PS	06.09.2023
	Heradsstyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	23/1669

Søknad om skjenkeløyve - Mjøs Eiendom AS

Vedlegg:

Planteikning
Skatteattest
Rolleoversikt - Mjøs Eiendom AS
IK Rutine Fjæra_Sjøhus
Firmaattest Mjøs Eiendom AS
Kunnskapsprøven i alkohollova
Etablererprøven for serveringsvirksomhet
Søknad om skjenkebevilling - Mjøs Eiendom - Skjult innhold
Søknad om serverings- og/eller skjenkebevilling - original

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1, 2 og 3 for Mjøs Eignedom AS, Hosanger

Løyvehavar: Mjøs Eignedom AS med org.nr. 916808372

Dagleg leiar og styrar: Trond Lillejord, f. 16.06.1963 vert godkjende.

Avløyssar: Erlend Johan Mjøs, f. 22.05.1992 vert godkjent med atterhald om godkjent kunnskapsprøve.

Type verksemd: Restaurant/Kafe

Skjenketid alkohol:

- Gruppe 1 og 2 alle dagar: kl. 11.00 – kl. 01.00 (drikk med 2,5% til 22% alkoholinnhald)
- Gruppe 3 alle dagar: kl. 13.00 – kl. 01.00 (drikk over 22% til 60% alkoholinnhald)

Vidare vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk på avskjerma uteområde.

Skjenketid for uteservering alkohol

- Gruppe 1 og 2: kl. 11.00 – kl. 01.00
- Gruppe 3: kl. 13.00 – kl. 01.00

Løyveperiode: 25.09.2023 – 30.09.2024

Formannskapet - 071/23

FS - behandling:

Ordføreren sette fram slikt tilleggsframlegg:

"Formannskapet etterspør søker om å nærare forklare kva aktivitet som skal vere i lokalet"

AVRØYSTING:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert vedteke mot 1 røyst (AP)

Ordføreren sitt tilleggsframlegg vert vedteke mot 2 røyster (FRP)

FS - vedtak:

Formannskapet innstiller slik:

I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1, 2 og 3 for Mjøs Eigedom AS, Hosanger

Løyvehavar: Mjøs Eigedom AS med org.nr. 916808372

Dagleg leiar og styrar: Trond Lillejord, f. 16.06.1963 vert godkjende.

Avløyssar: Erlend Johan Mjøs, f. 22.05.1992 vert godkjent med atterhald om godkjent kunnskapsprøve.

Type verksemd: Restaurant/Kafe

Skjenketid alkohol:

- Gruppe 1 og 2 alle dagar: kl. 11.00 – kl. 01.00 (drikk med 2,5% til 22% alkoholinnhald)
- Gruppe 3 alle dagar: kl. 13.00 – kl. 01.00 (drikk over 22% til 60% alkoholinnhald)

Vidare vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk på avskjerma uteområde.

Skjenketid for uteservering alkohol

- Gruppe 1 og 2: kl. 11.00 – kl. 01.00
- Gruppe 3: kl. 13.00 – kl. 01.00

Løyveperiode: 25.09.2023 – 30.09.2024

Formannskapet ber administrasjonen om å etterspørre søker om å nærare forklare kva aktivitet som skal vere i lokalet før møte i heradsstyret.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Mjøs Eigedom AS med org.nr. 916808372, Hillerenveien 154, 5174 Mathopen, med skjenkestad «Fjærå Sjøhus» i 1. etg. Osterøyvegen 2104. Dagleg leiar for serveringsløyvet og styrar for skjenkeløyvet vil vere Trond Lillejord.

Verksemdskonseptet er restaurant og kafe. Inneserveringsområdet utgjer 44 m2 med 30 sitteplassar

i tillegg til eit uteserveringsområde på 67 m2 med 20 sitteplassar.

Trond Lillejord har avlagt både etablererprøven og kunnskapsprøven.

Firmaattest og rolleoversikt frå Brønnøysundregistrene er motteke saman med attest for skatt frå skatteetaten.

Søknaden er send politiet, skattemynd og NAV til uttale. Politiet og NAV har ikkje merknader til søknaden. Skatteetaten har ikkje svart pr 29.08.2023. Alkohollova § 1-7 stiller ikkje krav til styrar og avløysar etter skatte-, avgifts- og rekneskapslovgjevinga.

I gjeldande alkoholpolitisk plan er det sagt at skjenkeløyve i hovudsak skal gjevast til verksemdar lokalisert til regionsentera i kommunen. Mjøs Eiendom AS er lokalisert i Hosanger der det er 2 andre verksemdar med skjenkeløyve; Mjøsvågen Landhandleri og Den Grøne Fabrikken.

Vurdering

I kommunedirektøren si tilråding er skjenke- og opningstider fastsett i samsvar med alkoholpolitisk handlingsplan. Kommunen har ikkje motteke noko meir detaljert informasjon om driftskonseptet til Mjøs Eiendom AS.

Maks skjenketid er fastsett i samsvar med vedtekne retningslinjer for skjenking og sal av alkohol i Osterøy kommune.

Mjøs Eiendom har areal til uteservering som oppfyller krav i alkoholpolitisk plan til skjerming av området samt krava til framkomst og trafikkale høve.

Mjøs Eiendom kan vise til internkontrollrutine for opplæring av tilsette og rutinar for handtering av skjenkebestemmelser.

Hovudregelen i alkohollova er at sals- og skjenkeløyve for alkohol vert gitt for inntil 4 år og med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Lova opnar for at kommunen kan vedta vidareføring av alle sals- og skjenkeløyve for nye 4 år. Kommunen kan og fastsetja retningslinjer for kva løyve som må fornyast og kva som kan vidareførast. Føresetnaden for dette er at kommunen først har gjennomgått alkohol- og løyvepolitikken. Kommunedirektør vil rå til at nytt løyve vert gitt med ein utløpsdato: 30.09.2024. På denne måten held ein fast ved løyveperiodar med handsaming etter kvart kommunestyreval tilsvarande andre løyve som er gitt.

Konklusjon

Kommunedirektør vil rå til at søknaden vert imøtekomen, så langt det ikkje kjem fram opplysningar som tilseier noko anna.